



Trollskogen barnehage
Stølen 13
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1192 - 15/31490

Saksbehandlar:
Astrid Namtvedt Sylta
syas@lindas.kommune.no

Dato:
19.11.2015

Vedtak om godkjenning av Trollskogen barnehage.

Vedtak:

Trollskogen barnehage vert godkjent etter Lov og barnehage § 10 Godkjenning. Godkjenninga er ei endring av tidlegare godkjenning etter Lov om barnehage.

Årsak til endringa er at Trollskogen barnehage har hatt ei godkjenning på 474 m² leike- og opphaldsareal, medan rett tal er 444 m². Barnehagen har eit tilleggsareal på 30 m² i eit «brakkebygg», men dette er ikkje godkjent som varig leike- og opphaldsareal etter Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

Sitat frå rapport frå Miljøretta helsevern datert 15.01.2013:

«Barnehagen har eit leike- og opphaldsareal på 444 m² i hovudbygg og 30 m² i brakkebygg som friluftsavdelinga nyttar. Brakkebygget er ca 50 m² og består av garderobe (ca. 20 m²) og opphaldsrom (ca. 30 m²). I 2006 vart brakkebygget godkjent som garderobe og som avgrensa bruk som opphaldsrom».

Trollskogen barnehage har eit godkjent leike- og opphaldsareal på 444 m². Dette gjev plass til 111 barn over 3 år.

Rettleiande arealnorm for barns leikeareal inne er 4 kvadratmeter netto per barn over 3 år og 5,3 kvadratmeter netto per barn under 3 år. Utearealet i barnehagen bør vere om lag seks gangar så stort som leike- og opphaldsarealet inne.

Tal barn i barnehagen må justerast i høve til alderssamansetjinga i barnegruppa og i høve til godkjent areal.

Rådmannen legg til grunn at Trollskogen barnehage vert driven etter dei lover og reglar som til ei kvar tid gjeld for barnehagedrift.

Orientering om enkeltvedtak:

Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Enkeltvedtak kan klagast på. Klagefrist er 3 veker rekna frå den dagen de får dette brevet. Klagen skal stilast til Lindås kommune v/ Astrid N. Sylta, og den må grunngjevast. Får de ikkje medhald, eller delvis medhald ved ny handsaming, vert klagen sendt til endeleg avgjerd hjå Fylkesmannen i Hordaland.



Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta
rådgjevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Trollskogen barnehage

Stølen 13

5911

ALVERSUND